



Audun Bratshaug
Skjelangervegen 779
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/712 - 19/24501

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

27.11.2019

Varsel om kontroll av søknad om produksjonstilskot for søknadsomgangen 2019 for føretaket 988947180

Kommunen skal kontrollere at utbetaling av produksjons- og avløysartilskot til føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon. Dette har heimel i forskrift om produksjonstilskot §10. Kommunen skal kontrollere minst 10 % av søkjarane kvart år, og det er både stadleg kontroll ute på gardane og dokumentkontroll. Du finn meir informasjon her. <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/aktuell-soknadsomgang#aktuelle-forskrifter>

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og me melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter søknadsomgangen for 2019. Dette året vil kontrollen vera ein dokumentkontroll som gjeldt avløysarutgifter.

I oktober søkte du om tilskot til avløysing, og du kan og etter registrera avløysarutgifter fram til 10. januar. Kommunen ynskjer å kontrollere totale utgifter til avløysar for heile 2019. Pr. 15.10.19 har du søkt om refusjon av kr. 43 700, der kr. 40 000 er avløysing kjøpt frå andre foretak.

Kommunen ynskjer dokumentasjon på avløysarutgifter for 2019.

Døme på dokumentasjon er:

- a - melding
- bankbilag som viser at beløpet er betalt
- regneskap frå avløysarring/lag.
- faktura

Faktura: Du kan få tilskudd til avløysing for utgifter til arbeidsoppgåver om det ikkje er uvanleg at jordbrukar sjølv utføre, det kan t.d vera saueklipping, klauvskjæring, maling/snikkararbeid på bygningar, spreining av gjødsel, gjerdehald m.m. Dette kan dokumenterast med faktura, men det er viktig at dei er spesifisert i høve til kva som er arbeid og kva som er andre utgifter som til dømes materiell/leige av maskiner.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Frist for innsending er sett til 13. desember 2019.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Vi ber om stadfesting av at du har motteke denne varslinga om kontroll

Dersom de har spørsmål til kontrollen eller treng lengre frist kan du kontakte underteikna (56171185/ 95735405) epost: laila.bjorge@meland.kommune.no

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Audun Bratshaug

Skjelangervegen 5917
779

ROSSLAND